

Corinne Silden Stephensen
Njålveien 13
1368 STABEKK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3115 - 21/69127

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
19.10.2021

Vedkommande søknad om endra plassering av garasje - gbnr 215/34 Eidsnes ytre

Tiltak: endre garasjeplassering til faktisk plassering
Byggjestad: Gbnr: 215/34
Tiltakshavar: Yvonne Silden Stephensen
Ansvarleg sækjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon i frå byggjegrense mot offentleg veg (fylkesveg).

Søknad vart sendt til uttale til Vestland fylkeskommune for vurdering av dispensasjon. De har i uttale datert 29.09.2021 vurdert saka slik at det er naudsynt med ny dispensasjon i frå byggjegrense mot offentleg veg. Søknadskjema for dette finn De på denne linka :

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/byggegrense/> . **Det er naudsynt å leggja ved situasjonskart som syner minsteavstand til midtveg og ei skriftlig grunngjeving for ny plassering.**

Vi ber om å få oversendt vedtak i frå Vestland Fylkeskommune når dette er klart.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Corinne Silden Stephensen
Yvonne Silden Stephensen

Njålveien 13
Skuteviksbodene 22

1368 STABEKK
5035 BERGEN